

Formannskapet si handsaming av sak 99/2024 i møte den 05.12.2024:

Handsaming

Frå kommunedirektøren låg det føre slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert vedteke slik det ligg føre og med dei føringar og premissar som går fram av dokumentet. Økonomiplanen er samfunnsplanen sin handlingsdel og dokumentet med vedlegg utgjer det overordna styringsdokumentet for den kommunale verksemda for åra 2025-2028.
2. Løyvingsoversikter etter budsjettforskrifta § 5-4 og § 5-5 vert vedteke slik det går fram i budsjettdokumentet i kapittel 7 (jf. tabell 7.1 og tabell 7.2) og i kapittel 8 (jf. tabell 8.1 og tabell 8.2).
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere inntil avsett lønspott frå fellesområdet til kommunen sine sektorar og einingar når lønsoppgjeret er kjent.
4. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån til finansiering av investeringsprosjekt. Samla lånesum er kroner 294,4 mill. kroner i 2025 jf. kommunelova § 14-15.
5. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån i Husbanklån til vidareutlån for 2025 på 40 mill. kroner jf. kommunelova §14-17.
6. Kommunestyret godkjenner vidareføring av ramme for kassakreditt på 100 mill. kroner jf. kommunelova § 14-15, tredje ledd.
7. Med heimel i eigedomskattelova §§ 2 og 3, vert det fatta fylgjande vedtak om utskriving av eigedomsskatt i Sogndal kommune for 2025:
 - a. Utskrivingsalternativ for 2025, skatt skal skrivast ut på: Faste eigedomar i heile kommunen (eigedomskattelova § 3 fyrste ledd bokstav a).
 - b. Skatteetaten sitt formuesgrunnlag vert nytta for utskriving av skatt på

bustadeigedomar (eigedomskattelova § 8 C-1).

c. Fritak frå eigedomsskatt: Eigedomar som i 2024 har fått fritak etter eigedomskattelova §§ 7 bokstav a og bokstav b får tilsvarende fritak i 2025. Fritak etter eigedomskattelova § 7 kan bli gjeve til andre kvalifiserte eigedomar etter søknad, før utskrivning finn stad i 2025.

d. Skattesatsar for 2025: Generell sats på 7 promille for heile kommunen (gjeld næringseigedom, energianlegg, tomter osv.). Skattesats på 4 promille for bustadeigedom og fritidseigedom i heile kommunen.

e. Tal terminar (eigedomsskattelova § 25): Eigedomsskatten skal betalast over 2 terminar, men med tilbod om fleksibel fakturering, fordelt på inntil 12 månader.

8. Klimabudsjett med oppdatert tiltaksplan for 2025 – 2028 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 2
9. Prishefte 2025 for Sogndal kommune vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 3. Kommunedirektøren får fullmakt til eventuell oppretting og mindre justering av satsane.
10. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere ned unyttta budsjетtrammer på investeringsprosjekt i 2024 og tilsvarende auke 2025.

Endringsframlegg og avrøysting for endringsframlegga:

Vibeke Johnsen (Sv):

- Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette i gang ein pilot med auka bemanning i nokre barnehagar i våren 2025, barnehageåret 2025 - 2026 og 2026-2027 med til saman fem årsverk.
- Utval for levekår skal følgje piloten tett gjennom løpande orienteringar frå kommunedirektøren
- Piloten med auka grunnbemanning skal evaluerast midtvegs for å svare ut spørsmål om piloten skal halde fram, utvidast eller avviklast.

- Piloten er for våren 2025 og barnehageåret 2025-2026 finansiert av fondsmidler

Avrøysting: Samrøystes.

Redaksjonell endring: Erstatte ordet "framandspråklege" med "minoritetsspråklege" i siste kulepunkt på s 49 og elles der ordet er brukt i budsjett og økonomiplan.

Avrøysting: Samrøystes.

Arnstein Menes (Sp):

Omfordele midlar innan kultursektoren.

- Redusere årleg tilskot til Balejazz med 50 000,- kr
- Redusere årleg tilskot til Sogndal Fjellsport AS med 75 000,- kr
- Auke tilskot til Driftstilskot born og unge med 125 000,- kr

Avrøysting: Framlegget fekk 3 røyster frå Arnstein Menes (Sp), May Kristel Bødal (Sp), Gunnhild Olstad Bøyum (H) og framlegget fall.

Rita Navarsete (Frp):

1. Ta ned startlån til 20 millionar

Avrøysting: Framlegget fekk ei røyst frå Rita Navarsete (Frp) og framlegget fall..

2. Gje tilskot til bygdebok(2 bind) Norane 100 000 frå disp fond.

Avrøysting: Framlegget fekk 3 røyster frå Rita Navarsete (Frp), Stig Ove Ølmheim (Ap) og Frode Bøthun (Krf) og framlegget fall.

3. Løyve 150 000 til Kvåle skule til inventar til kantine, frå disp fond.

Avrøysting: Framlegget fekk ei røyst frå Rita Navarsete (Frp) og framlegget fall..

4. Me ynskjer å ikkje auke eiendomsskatten men behalde den på dagens nivå, med inndekning av kutt i administrasjon stillingar kommunedirektøren kan komme med forslag til eksakt antall.

Avrøysting: Framlegget fekk ei røyst frå Rita Navarsete (Frp) og framlegget fall..

Gunnhild Olstad Bøyum (H):

1. Kommunestyret vedtek å endre Forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune til å ikkje innehalde kr.10.000 i PC-støtte til kommunestyrerepresentantane.

Avrøysting: Framlegget fekk 2 røyster frå Gunnhild Olstad Bøyum (H) og May Kristel Bødal (Sp) og framlegget fall.

2. Kr 500.000 til velferdstiltak ansatte vert dekkja av disp.fond.

Avrøysting: Framlegget fekk 7 røyster frå Stig Ove Ølmheim (Ap), Astrid Hove (Ap), Arnstein Menes (Sp), May Kristen Bødal (Sp) Gunnhild Olstad Bøyum (H), Vibeke Johnsen (SV), Rita Navarsete (Frp), og framlegget vart vedteke.

Endring av vedtakspunkt 4:

4. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån til finansiering av investeringsprosjekt. Samla lånesum er kroner 288,8 mill. kroner i 2025 jf. kommunelova § 14-15.

Avrøysting: Samrøystes.

Nytt punkt:

Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert oppdatert med endra investeringsramme for utbygging Saften til 63 mill ink. mva.

Avrøysting: Framlegget vart vedteke mot røystene til Bjarte Haugen (V), Arnstein Menes (Sp) og Vibeke Johnsen (Sv).

Avrøysting:

Formannskapet røysta fyrst punktvis over endringsframlegga så, røysta formannskapet punktvis over tilrådringa frå kommunedirektøren:

Punkt nr 1 til 4 vart samrøystes vedteke, med vedtekne justeringar i punkt nr 4 frå endringframlegg frå Gunnhild Olstad Bøyum (H)

Punkt nr 5 vart vedteke mot røysta til Rita Navarsete (Frp)

Punkt nr 6 vart samrøystes vedteke

Punkt nr 7 og 8 vart vedteke mot røysta til Rita Navarsete (Frp)

Punkt nr 9 og 10 vart samrøystes vedteke

Vedtak

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert vedteke slik det ligg føre og med dei føringar og premisser som går fram av dokumentet. Økonomiplanen er samfunnsplanen sin handlingsdel og dokumentet med vedlegg utgjer det overordna styringsdokumentet for den kommunale verksemda for åra 2025-2028.
2. Løyvingsoversikter etter budsjettforskrifta § 5-4 og § 5-5 vert vedteke slik det går fram i budsjettdokumentet i kapittel 7 (jf. tabell 7.1 og tabell 7.2) og i kapittel 8 (jf. tabell 8.1 og tabell 8.2).
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere inntil avsett lønspott frå fellesområdet til kommunen sine sektorar og einingar når lønsoppgjeret er kjent.
4. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån til finansiering av investeringsprosjekt. Samla lånesum er kroner 288,8 mill. kroner i 2025 jf. kommunelova § 14-15
5. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån i Husbanklån til vidareutlån for 2025 på 40 mill. kroner jf. kommunelova §14-17.
6. Kommunestyret godkjenner vidareføring av ramme for kassakreditt på 100 mill. kroner jf. kommunelova § 14-15, tredje ledd.
7. Med heimel i eigedomskattelova §§ 2 og 3, vert det fatta fylgjande vedtak om utskriving av eigedomsskatt i Sogndal kommune for 2025:
 - a. Utskrivingsalternativ for 2025, skatt skal skrivast ut på: Faste eigedomar i heile kommunen (eigedomskattelova § 3 fyrste ledd bokstav a).
 - b. Skatteetaten sitt formuesgrunnlag vert nytta for utskriving av skatt på bustadeigedomar (eigedomskattelova § 8 C-1).
 - c. Fritak frå eigedomsskatt: Eigedomar som i 2024 har fått fritak etter eigedomskattelova §§ 7 bokstav a og bokstav b får tilsvarande fritak i 2025. Fritak etter eigedomskattelova § 7 kan bli gjeve til andre kvalifiserte eigedomar etter søknad, før utskriving finn stad i 2025.

d. Skattesatsar for 2025: Generell sats på 7 promille for heile kommunen (gjeld næringsseigedom, energianlegg, tomter osv.). Skattesats på 4 promille for bustadeigedom og fritidseigedom i heile kommunen.

e. Tal terminar (eigedomsskattelova § 25): Eigedomsskatten skal betalast over 2 terminar, men med tilbod om fleksibel fakturering, fordelt på inntil 12 månader.

8. Klimabudsjett med oppdatert tiltaksplan for 2025 – 2028 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 2

9. Prishefte 2025 for Sogndal kommune vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 3. Kommunedirektøren får fullmakt til eventuell oppretting og mindre justering av satsane.

10. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere ned unyttta budsjetttrammer på investeringsprosjekt i 2024 og tilsvarande auke 2025.

11. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å sette i gang ein pilot med auka bemanning i nokre barnehagar i våren 2025, barnehageåret 2025 - 2026 og 2026-2027 med til saman fem årsverk.

- Utval for levekår skal følgje piloten tett gjennom løpande orienteringar frå kommunedirektøren
- Piloten med auka grunnbemanning skal evaluerast midtvegs for å svare ut spørsmål om piloten skal halde fram, utvidast eller avviklast.
- Piloten er for våren 2025 og barnehageåret 2025-2026 finansiert av fondsmidlar

12. Redaksjonell endring: Erstatte ordet "framandspråklege" med "minoritetsspråklege" i siste kulepunkt på s 49 og elles der ordet er brukt i budsjett og økonomiplan.

13. Kr 500.000 til velferdstiltak ansatte vert dekkja av disp.fond.

14. Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert oppdatert med endra investeringsramme for utbygging Saften til 63 mill ink. mva.